



Lindås kommune
Fiskeridirektoratet region Vest
Fylkesmannen i Hordaland
Mattilsynet
Kystverket Vest


Dato: 22.08.2016
Vår ref.: 2016/5594-3
Saksbehandlar: Trond Wahl
Telefon: 40 91 62 23

H-R-4 og H-R-11Blom Fiskeoppdrett AS org. nr. 840215512 Søknad om utvidinga av maksimal tillat biomasse på lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune

Hordaland fylkeskommune sender med dette kopi av mottatt søknad 19.08.2016 frå Blom Fiskeoppdrett AS om utviding av biomasse på lokalitet 10086 Rekeviki i Lindås kommune.

Blom Fiskeoppdrett AS skriv i søknaden at dei er i moderniseringsfase og satser på produksjon av stor smolt. Dette gjer at fisken veks raskare og dermed står kortare tid i sjøen. Som ein følge av dette når dei små lokalitetane raskt sin lokalitetsbegresing. Difor søker dei no om utviding av maksimal tillat biomasse med 1560 tonn til ein total MTB på 3120 tonn på lokalitet rekeviki.

Det vert ikkje søkt om endra arealbruk.



Figur. Noverande plassering

Dispensasjon til noverande plassering vert gitt av Lindås kommune 04.03.2015.

Søkjar skriv at det er bestilt MOM-C undersøking på lokaliteten.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlige verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjøring. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlige verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgjera nærmare.

Hordaland fylkeskommune ber om at Lindås kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med sokjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til sokjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen sin uttale ber ein om vert send til Hordaland fylkeskommune snarast råd og innan 3 månader (jf. Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4).

Ein ber Dykk handsome/vurdere søknaden frå Blom Fiskeoppdrett AS etter gjeldande særlover/andre interesser og returnera avgjerda/uttalen til vårt kontor.

Trond Olav Wahl
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi:
Blom Fiskeoppdrett AS